**Avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 77/2000**
**av 2. oktober 2000**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 19/2000 av 25. februar 2000([1]).

2) Kommisjonsdirektiv 1999/77/EF av 26. juli 1999 *om sjette tilpasning til den tekniske utvikling av vedlegg I til rådsdirektiv 76/769/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om begrensning av markedsføring og bruk av visse farlige stoffer og preparater (asbest)*([2]) skal takast inn i avtala.

3) Kommisjonsforordning (EF) nr. 2161/1999 av 12. oktober 1999 om krav til tilleggsprøving for importørar eller produsentar av eit visst prioritert stoff i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 793/93 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer([3]) skal takast inn i avtala.

4) Kommisjonsrekommandasjon 1999/721/EF av 12. oktober 1999 om resultata av risikovurdering og om strategiar for reduksjon av risiko for stoffa 2-(2-butoksyetoksy)etanol, 2-(2-metoksyetoksy)etanol, kloralkan, C10-13 og benzen, C10-13 alkylderivat([4]) skal takast inn i avtala –

---

([1]) Enno ikkje kunngjord.
([2]) TEF L 207 av 6.8.1999, s. 18.
([3]) TEF L 265 av 13.10.1999, s. 11.
([4]) TEF L 292 av 13.11.1999, s. 42.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XV nr. 4 (rådsdirektiv 76/769/EØF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

"– **399 L 0077**: Kommisjonsdirektiv 1999/77/EF av 26. juli 1999 (TEF L 207 av 6.8.1999, s. 18)."

*Artikkel 2*

I vedlegg II kapittel XV etter nr. 12h (rådsforordning (EF) nr. 142/97) i avtala skal nytt nr. 12i lyde:

"12i. **399 R 2161**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 2161/1999 av 12. oktober 1999 om krav til tilleggsprøving for importørar eller produsentar av eit visst prioritert stoff i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 793/93 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer (TEF L 265 av 13.10.1999, s. 11)."

*Artikkel 3*

I vedlegg II kapittel XV etter nr. 18 (kommisjonsmelding C/130/93/s. 2) i avtala skal nytt nr. 19 lyde:

"19. **399 X 0721**: Kommisjonsrekommandasjon 1999/721/EF av 12. oktober 1999 om resultata av risikovurdering og om strategiar for reduksjon av risiko for stoffa 2-(2-butoksyetoksy)etanol, 2-(2-metoksyetoksy)etanol, kloralkan, C10-13 og benzen, C10-13 alkylderivat (TEF L 292 av 13.11.1999, s. 42)."

*Artikkel 4*

Teksta til kommisjonsdirektiv 1999/77/EF, kommisjonsforordning (EF) nr. 2161/1999 og kommisjonsrekommandasjon 1999/721/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

*Artikkel 5*

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. oktober 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala([*]).

---

([*]) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 6*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 2. oktober 2000.

For EØS-komiteen
Formann

G. S. Gunnarsson

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik E. Gerner